



KVINNHERAD
K O M M U N E

Administrasjon

Internkontroll Alkohol

Alle sals- og skjenkestader må ha eit system og kjende rutinar for å sikra at alkoholregelverket vert ivareteke. God internkontroll gjev enklare drift, tryggare tilsette og fornøgde gjester.

Dette ser kontrollørane etter i ein typisk internkontroll:

Den ansvarlege for bedrifta skal:

1. Ha oversikt over krav og vilkår som vert stilt i løyvedokumentet, alkohollova og bestemmelsar fastsett i medhald av alkohollova, alkoholforskrifta. Dette omfattar også vedtaket/løyvedokument frå kommunen og alkoholpolitisk handlingsplan frå kommunen. Alle dokumenta må vera oppdaterte for gjeldande periode.
2. Syta for at tilsette i bedrifta har tilstrekkelege kunnskapar og kompetanse til å fylla krava som vert stilt. Det gjeld krava til internkontroll, krava til kunnskapsprøve for styrar og stedfortredar, krav om opplæringsdokument for nye tilsette.
3. Syta for at det finst ei oversikt som syner korleis bedrifta er organisert og korleis oppgåvene og ansvar er fordelt. Organisasjonskart som syner denne ansvarsfordelinga.
4. Syta for at det finst rutinar for å sikra at krava i vedtaket/løyvedokumentet, alkohollova, alkoholforskrifta og alkoholpolitisk plan vert følgde.
5. Syta for rutinar for sal og skjenking av alkohol som skal førebyggja, avdekka og retta opp avvik. Avviksskjema og førebyggjande tiltak for utfordringar (Rutinar og tiltak ved utfordringar som f.eks. korleis førebyggja sal/skjenking til mindreårige, kva ein skal sjå etter for å dømma ein openbart påverka person osv.)
6. Syta for systematisk og regelmessig gjennomgang av internkontrollen. Minst årleg gjennomgang av internkontroll-permen og dokumentasjon på dette, f.eks. opplæringsark med signatur for tilsette, med dato.

Dokumentasjonen knytt til løyvet skal til ei kvar tid vera oppdatert og tilgjengeleg for kontrollmyndigheitene.

Informasjon og rettleiing til god internkontroll på helsedirektoratet sine nettsider:
<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholloven#dettemaaduviteforaautformeetgodtinternkontrollsystem>